

Til naboar og høyringsinstansar

Stord, den 24.02.2017

Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg høyring av planprogram
- Detaljregulering Langøy – Ospeneset akvakulturområde,
i Lindås kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering med konsekvensutgreiing for Detaljregulering for Langøy – Ospeneset akvakulturområde. Planid.: 1263-201606 20160002.

Planarbeidet er handsama i Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune i høve til godkjenning av oppstart 23. november 2016 (PM - 140/16) og planprogrammet 22. februar 2017 (PM – 10/17).

Detaljreguleringa sitt hovudføre mål er å regulere eksisterande matproduksjon i sjø. Kommuneplanen sin arealdel har avsett areal til akvakultur ved områda Langøy, Ådnøy og Ospeneset. To av dei tre AK-områda har eksisterande løyve for produksjon av matfisk i sjø; Langøy og Ospeneset. Hovudføre målet med reguleringsplanen er å kunne utnytte løyva som ligg til lokalitetane Ospeneset og Langøy.

Planområdet utgjer til saman omlag 6462 dekar. Planområdet omfattar sjøareala mellom Langøy og Ospeneset.

Eide Fjordbruk AS er forslagsstillar, og ABO Plan & Arkitektur Stord AS er utførande konsulent.

Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til

- ABO Plan & Arkitektur v/Turid Verdal, turid@abo-ark.no eller tlf. 905 22 958 eller
- Eide Fjordbruk v/Andreas Moe Larsen, andreas.moe.larsen@efb.no eller tlf. 970 11 827

Sjå også: www.abo-ark.no - Sjå under meny: Nabovarsler – Reg.planer/Høringer

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postboks 32
5401 Stord
Eller e-post: turid@abo-ark.no eller ke@abo-ark.no

Høyringsperiode: 24. februar - 8. april 2017

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til Lindås kommune - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planprogrammet.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut, vert merknadane oppsummert og kommentert. Planprogrammet med merknadshandteringa vil bli behandla av Lindås kommune. Etter at planprogrammet er vedteke vil planforslaget bli utarbeida. Ferdig planforslag vil så bli sendt Lindås kommune for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit til å spele inn merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Informasjonsmøte

Det er planlagt informasjonsmøte i samband med høyringsperioden av planprogrammet. I møtet vert det ei nærmare orientering om planarbeidet.

- Stad: Lindås barneskule, auditoriet
- Tid: Tysdag 14. mars kl. 18:00

Med vennleg helsing
ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal
Turid Verdal

Vedlegg:

1. Planprogram
2. Kart med plangrense